



Johannes Hadler Hopland  
Seimsleitet 85  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/13642 - 22/43900

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:  
08.06.2022

## Ferdigattest støypt båtopptrekk - gbnr 172/1 Hopland

**Administrativt vedtak:** Saknr: 643/22  
**Tiltakshavar:** Johannes Hadler Hopland  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for rehabilitering av støypt båtopptrekk på gbnr 172/1. Tiltaket må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksending krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 02.07.2021.

Det vert elles vist til søknad motteken 24.05.2022.

### Skildring

Adresse:	Seimsleitet 85
Bygningstiltak:	Båtopptrekk med kai/pirar
Bruksareal:	Ca 240m <sup>2</sup>

### Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.

- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/13642

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Trygve Solberg  
Sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakar:**

Johannes Hadler Hopland

Seimsleitet 85 5912

SEIM